



Hyllestad
kommune

Prislister

Kommunale avgifter og betalingssetninger 2016

Innhald

1 SENTRALADMINISTRASJON OG ØKONOMI.....	3
Sentraladministrasjon og økonomi.....	3
2 OPPVEKST OG KULTUR.....	4
Skulefritidsordninga (SFO).....	4
Hyllestad barnehage.....	4
Utleige av skulebygg/gymsal.....	4
Kulturskulen.....	4
Hyllestad bibliotek.....	4
3 HELSE OG OMSORGSTENESTENE.....	5
Praktisk bistand.....	5
Husleige.....	5
Fellesutgifter og mat.....	5
Legetenesta.....	5
Helsestasjonstenesta.....	5
4 PLAN OG UTVIKLING.....	6
Gebyrregulativ, vatn og avløp 2016.....	6
Forurensingslova § 34 gebyrforskrift renovasjon.....	7
Forurensingslova §§ 26 og 34: gebyrforskrift tøming slamavskillarar.....	8
Gebyr for feiing og branntilsyn.....	8
Satsar for sal av kommunale tomter.....	8
Satsar for sal og transport av vatn.....	8
Brøyting av private vegar.....	8
Andre gebyr.....	8
Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming av bygge- frådelling- plan-og utsleppssaker etter plan-og bygningslova og forurensingslova i hyllestad kommune.....	9
Gebyrregulativ for sakshandsaming av bygge-, frådelling-, plan- og utsleppssaker 2016.....	10
Gebyr etter matrikkellova.....	13
Forskrift om gebyr for handsaming av plansaker etter plan- og bygningslova.....	14

Endring frå 2015 til 2016 er merka med raudt.

1 Sentraladministrasjon og økonomi

Økonomi

- Ekspedisjonsgebyr v/tilfeldig fakturering – kr 50,-
- Purregebyr (sentralt fastsett), p.t. kr 65,- ved 1. gangs purring.
- Forseinkingsrente (sentralt fastsett av Finansdept.), p.t. 9,0 % . Vidare innkrevjing skjer gjennom inkassoselskap, noko som vil føre til ytterlegare kostnader.

Gebyr på papirfaktura - kr 50,-, frå 1.4.2016.

Inngår ein avtale om elektronisk faktura eller avtalegiro unngår ein dette gebyret.

	Private/næring	Lag og org.
Enkle kopiar A4 svart/kvitt	Kr 5	Kr 2
Enkle kopiar A4 farge	Kr 10	Kr 5
Enkle kopiar A3 svart/kvitt	Kr 5	Kr 3
Enkle kopiar A3 farge (nytt)	Kr 10	Kr 10

Kopiar og telefaks

Sending/mottak fax kr 5,- pr. ark.

Takstane er inkludert meirverdiavgift.

Utleige av kommunehuset til private og forretningsføremål

Takstar for privatpersonar som nyttar kommunale bygg til møte, lag og større arrangement (dåp, konfirmasjon, gravferd m.m.): Kr 100,- pr. time, max 1.500 pr. dag

Utleige av kommunale bygg til lag og organisasjonar

Kr 100,- pr. time for lag/organisasjonar som kjem utanfrå kommunen eller tek inngangspengar til arrangement.

For andre vert møtelokala stilt vederlagsfritt til disposisjon ved kveldsmøter og andre møter etter nærare avtale.

Utleige av lokaler i kommunehuset til næringsverksemd

Leige kr 1.000,- pr. m2.

Leigesats inkluderer bruk av fellesareal som m.a. kantine og møterom, reinhald, kommunale avgifter, forsikring og tilgang til breiband.

Leige av kommunale bustader (ikkje mva-pliktig)

- Ingeniørbustad **kr 5.666 pr. mnd** - 1. etg. + straum
- Ingeniørbustad **kr 4.150 pr. mnd** - u.etg. + straum

Hola – rekkjehus **kr 3.465 pr. mnd (eksisterande leigekontrakter over 30 mnd.)**

Hola - rekkjehus, nye avtalar **kr 4.500 pr. mnd.**

2 Oppvekst og kultur

Skulefritidsordninga (SFO)

Einslege forsyttarar

	2015	2016	2015	2016
Korttid: opptil 7 t/v	kr 1 100	kr 1 100	kr 950	kr 950
Halv plass: frå 8 t/v til 14 t/v	kr 1 650	kr 1 650	kr 1 450	kr 1 450
Heil plass: frå 15 t/v	kr 2 100	kr 2 100	kr 2 015	kr 1 850
Pr. veke u/skule	kr 830	kr 1 000		
Einskild dagar	kr 165	kr 200		
Einskild timar	kr 60	kr 60		

Månadleg betaling for det faste tilbodet som fell saman med skuleruta. For SFO- tilbodet utover skulen sine 38 veker vert det betaling pr. veke. Betaling for planleggingsdagar som ikkje ligg inne i ordinær SFO- tid som einskild dagar. Det vert eiga påmelding for desse tilboda.

SYSKENMODERASJON

- 30% for 2. barn
- 50% for 3. og fleire barn
- Inga kopling mellom SFO og barnehage når det gjeld moderasjon.

FOR SEIN HENTING

Overtidsgebyr ved for sein henting: Kr 170,- pr. påbyrja 0,5 time.

Hyllestad barnehage

Einslege forsyttarar

	2015	2016	2015	2016
100% plass	kr 2 580	kr 2 580	kr 2 300	kr 2 300
60% plass	kr 1 770	kr 1 770	kr 1 650	kr 1 650

SYSKENMODERASJON

- 30 % for 2. barn
- 50 % for 3. og fleire barn
- Det er inga kopling mellom SFO og barnehage i høve moderasjon.

FOR SEIN HENTING

Overtidsgebyr ved for sein henting kr 170,- per påbyrja 0,5 time.

-Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga: Ordninga går ut på at ingen skal betale meir enn 6 % av inntekta si. I 2016 gjeld dette for husholdningar som samla har lavare enn kr 473.000.

-Gratis kjernetid for 4- og 5-åringar. Dersom inntekta er under kr 405.000 får 4- og 5-åringar rett på 20 gratistimar.

Utleige av skulebygg/gymsal

	Pris
Lag og organisasjonar med trening/aktivitetar for barn- og unge under 16 år	gratis
Lag og organisasjonar, inntil 2 timar	kr 200
Større arrangement, inntil 1 dag	kr 800
Forretningsføremål, inntil 2 timar	kr 300
Forretningsføremål, inntil 1 dag	kr 1 200

Hyllestad og Fjaler Kulturskule

Framlegg om 3 % auke frå 2015 til 2016.

Tilbod	Pris 2015 - 2016 er ikkje
Elevplass u/ 18 år	2925 pr. skuleår
Vaksne elevar (ca. 20% høgare enn unge)	3510 pr. skuleår
Familie- og aktivitetsmoderasjon 1	15 % gjeld plass 2
Familie- og aktivitetsmoderasjon 2	30 % gjeld f.o.m. plass 3
Musikk frå livets begynnelse	990- pr. semester
Moderne dans	680,- pr. semester
Instrumentleige (gitar og fiolin, pr. skuleår)	915,-
Dirigent, instruktør u/ 18 år	430,- pr. time
Dirigent, instruktør vaksne (ca. 20% høgare enn unge)	510,- pr. time
Musikkbarnehage (periode på 8 veker (8 t) inkl. reise)	3585-
Prosjekt, musikartenester	Reell timepris inkl sosiale utg., i samsvar med aktuell løn
Instrument, lyd- og lysutstyr	Avtale etter mengd og slitasje (f.eks flytting)

- Halvårleg fakturering
- Moderasjonane gjeld ikkje prisreduerte tilbod (MILB og Moderne dans).
- Timar er på 60 minutt undervisingsarbeid

Hyllestad bibliotek

UTLÅNSREGLAR FOR HYLLESTAD FOLKEBIBLIOTEK

Etter to varselbrev sender Hyllestad kommune erstatningskrav på det lånte materiellet tilsvarande det materiellet kostar i innkjøp. Spesielt verdfulle bøker, delar av verk og anna verdfullt materiell vert vurdert særskilt.

SAL AV BØKER/TIDSSKRIFT VED HYLLESTAD FOLKEBIBLIOTEK

	Pris
Bygdebøker:	
Eitt band	kr. 250,-
Sett	kr. 400,-
To eller fleire bøker av same bandet:	kr. 200,- pr stk.
Heim og skule: (kun førehandstinging)	kr. 200,- for eitt band, kr. 400,- for sett
Gluggen (1996-2003)	kr. 25,- pr. magasin

3 Helse og omsorgstenestene

Praktisk bistand

Allmenn inntekt	Gjeldende sats 2015	Ny timesats 2016	Abonnement 2016	Merknader
Inntil 2G kr 180 136	kr 186 pr per mnd		kr 190	Dei som mottok hjelp ytt etter helse- og omsorgstenestelova §3-2, som ikkje gjeld eigenomsorg, betaler kr 186. Sats for abonnement inntil 2G blir regulert av statleg forskrift. Er regulert i st.budsjettet.
2G - 3G inntil kr 270 204	kr 172	kr 172	kr 1 032	Dei som mottok hjelp ytt etter helse- og omsorgstenestelova §3-2, som ikkje gjeld eigenomsorg, betaler kr 172 pr time til og med 5 timar /mnd. F.o.m 6 t gjeld abonnement.
3G - 4G inntil kr 360 272	kr 190	kr 190	kr 1 520	Dei som mottok hjelp ytt etter helse- og omsorgstenestelova §3-2, som ikkje gjeld eigenomsorg, betaler kr 190 pr time til og med 7 timar/mnd. F.o.m 8 t gjeld abonnement.
4G - 5G inntil kr 450 340	kr 209	kr 209	kr 2 090	Dei som mottok hjelp ytt etter helse- og omsorgstenestelova §3-2, som ikkje gjeld eigenomsorg, betaler kr 209 pr time til og med 9 timar/mnd. F.o.m 10 t gjeld abonnement.
Over 5G over kr 450 340	kr 228	kr 228	kr 2 508	Dei som mottok hjelp ytt etter helse- og omsorgstenestelova §3-2, som ikkje gjeld eigenomsorg, betaler kr 228 pr time til og med 10 timar / mnd. F.o.m 11 t gjeld abonnement.

G= Grunnbeløpet i Folketrygda. 1G er pr 1.05.15 kr 90.068, og blir regulert årleg pr 1.mai.

Husleige

Bustad	Husl 2015	einingar	% auke	Husl. 2016
Soltun *)	kr 9 365	13	2	kr 9 552
Bøkly	kr 5 363	4	2	kr 5 470
Bøkly 2-roms	kr 5 526	1	2	kr 5 637
Sørvisbust 3-roms	kr 8 143	1	2	kr 8 306
Sørvisbust 2-roms	kr 7 562	1	2	kr 7 713
Sørvisbust 2-roms	kr 5 235	4	2	kr 5 340
Aldersbust Hyllestad	kr 5116	4	2	kr 5 218
Aldersbust Heggebø	kr 5116	3	2	kr 5 218

*) Husleiga på Soltun er inkludert straum.

Fellesutgifter og mat

Teneste	Sats 2015	Sats 2016
Middag	kr 75	kr 75
Bringing	kr 10	kr 10
Frukost	kr 33	kr 33
Kvelds	kr 33	kr 33
Tilpassa (graut/suppe)	kr 33	kr 33
Tryggleiksalarm: (pr. mnd.)	kr 196	kr 196
Vask av klede etter enkeltvedtak (pr. maskin.)	kr 60	kr 60
Utleige nøkkelboks (per år)	kr 111	kr 111

Kjøp av andre tenester (som ikkje er pliktige ytingar): nedvask ved utflytting, gardinvask, reparasjon/merking av tøy o.l., kr 500 pr time.

STATLEG REGULERTE BETALINGSSATSAR GJELDANDE FRÅ 1.1.2016:

Korttidsopphald i institusjon	kr 147 pr døgn

Legetenesta

Takstane for legekonsultasjonar, blodprøve m.v. er sentralt fastsette og er slått opp på legekantoret. Desse takstane er ikkje omfatta av det kommunale takstregulativet.

Fakturagebyr når legekantoret må sende ut rekning
kr 50,-

Helsestasjonstenesta

Brystpumpe - kjøp av eingangssett

kr 160,- /kr 266,-

Leige av barnebilsete (fast pris – maks eitt år)

kr 424,-

4 Plan og utvikling

Gebyrregulativ, vatn og avløp 2016

RAMMER FOR GEBYRBEREKNINGA

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avreknast over ein 4 års- periode.
- Overslag over forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for dei nærmaste 4 åra skal foreligge før gebyra sin storleik vert fastsett.
- Gebyrberekening byggjer på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr
- Alle prisar vert tillagt 25 % mva.

1. EINGANGSGEBYR FOR TILKNYTNING

Eingangsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentlig vass- og/eller avlaupsledningsnett.

Eingangsgebyr for tilknytning: (Kr/abonnet)

Vatn		Avlaup	
År 2015	År 2016:	År 2015:	År 2016:
4.000,-	5.500,-	4.000,-	5.500,-

2. ÅRSGBYR

2.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyr skal dekkje følgjande andel av kommunen sine samla årskostnader for høvesvis vass- og avlaupstenestene. Dette reflekterer kommunen sine faste kostnader for desse tenestene:

Vatn:	ca 50 %
Avlaup:	ca 50 %

Abonnementsgebyret er differensiert etter brukarkategori:

- Abonnementsgebyr for næring vert å betale av næringseigedommer, offentlige verksemdar og burettslag
- Abonnementsgebyr for bustad vert å betale av øvrige abonnentar.

Abonnementsgebyr (kr per abonnent)	Vatn:		Avløp:	
	År 2015	År 2016	År 2015	År 2016
Næring 1: med årsforbruk mindre enn 60m ³ . (Tilsvarende eit arealforbruk på 50m ²) kr:	2 894	2 970	1 444	870
Næring 2: (øvrige under næring) kr:	7 238	7500	4 725	2 835
Bustad: kr:	2 894	2970	1 444	870

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret skal bereknast på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, baa basert på nedanforståande einingspris:

2.2.1 Einingspris:

Einingspris for vatn (kr/m ³):		Einingspris for avlaup: (kr/m ³):	
ÅR 2015:	ÅR 2016:	ÅR 2015:	ÅR 2016:
14,50	16,00	7,25	7,25

2.2.2 Målt forbruk:

Forbruksgebyret byggjer på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m³. Avlaupsmengda skal reknast lik vassmengda. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten. Det skal nyttast same einingspris som ved stipulert forbruk (målt forbruk x einingspris).

2.2.3 Stipulert forbruk:

Forbruksgebyret vert basert på stipulert forbruk og pris pr. m³. Stipulert forbruk [m³] vert berekna slik:
Bruksareal BRA i vedkomande arealklasse [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²] der:

- Arealet skal bereknast som bruksareal BRA [m²] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 1,2 m³/m²
- Døme frå bustad i arealklasse 2 (90-350m²): 170m² * 1,2m³/m² = 204m³ stipulert forbruk

Forbruksgebyr; bustader, evt.off.verksemdar og hytter/fritidshus:

- Vatn: einingspris [kr/m³] x stipulert forbruk [m³]
- Avlaup: einingspris [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]

3. ÅRLEG VASSMÅLARLEIGE

Kommunen eig vassmålaren for "alle typar abonnentar". Abonnentane betalar alle kostnader knytta til sjølve installeringa. Det skal betalast ei årleg leige for å dekke kostnadane med innkjøp, kontroll, vedlikehald, utskifting og administrasjon, jf. pkt.1.3 i "reglar for bruk av vassmålar".

4. MELLOMBELS BRUK AV VATN OG AVLAUP

Eigar/fester av eigedom som mellombels vert knytt til kommunen sitt vass- og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd – høgste sats for abonnementsgebyr, sjå pkt. 2.1 og 2.2.

Forurensingslova § 34 gebyrforskrift renovasjon

I tillegg til gebyroppsettet kjem meirverdiavgift
Gebyrregulativ fom 01.01.16

Storleiken på behaldar	140 L	240 L	660 L	I
Behaldar for restavfall	1.657	2.834	7.804	II
Behaldar for papp/papir	202	345	950	III

MOGLEG GEBYRREDUKSJON. PÅLEGG VED FEIL.

Etter søknad vedlagt eventuelle avtaler, vert følgjande gebyrreduksjonar gjort mulege:

- **B1 Abonnent som har avtale om heimekompostering**, og som på dette grunnlag ikkje i det heile leverer våtorganisk avfall, kan etter søknad få reduksjon på kr 375,- i gebyret.
- **B2 Abonnent som brukar alt eige matavfall til egne dyr**, og dermed ikkje i det heile leverer våtorganisk avfall, kan etter søknad som dokumenterer at vedkommande har dyr som nyttiggjer seg avfallet heile året, få kr 375,- i gebyrreduksjon.
- **B3 Dersom kontrollar utført av SUM, kommunen eller den som på vegner av Kommunen / SUM hentar hushaldningsavfall viser feilleveransar i høve til B1 eller B2**, vert brukaren av avfallsbeholdaren kravd for tilleggsgebyr for heile perioden vedkommande har hatt avtale om reduksjon, likevel avgrensa til 3 år. Tilleggsgebyret er kr 1.000,- pr. år.
- **B4 Abonnent som har meir enn 300 m avstand fram til vegen der renovasjonsruta går**, kan etter søknad få redusert bustadsgebyr til kr 1.156,-vert å betale så lenge vedkommande har avfallsmengder som i løpet av ei veke går opp i ein stk. 140 l restavfallsbeholdar. 2 abonnement (hovudhusvære og uleigehusvære) kan gjere seg nytte av felles 240 l restavfallsbeholdar. Kommunen eller SUM avgjer kvar behaldaren skal stå for å sikre leveranse og tøming. Det vert vanlegvis ikkje utlevert behaldar for papp/papir i slike høve. B5 Einsleg person i sjølveigande bustad som ikkje har mulegheit til å levere i kombinasjon med andre, kan etter søknad få godkjent å betale minimumsgebyret, Jf. punkt C, så lenge vedkommande nyttar 140l behaldarar.

- **Fleire kan gå saman om avfallsbeholdarar**, og gebyret vert fastsett i samsvar med dei kombinasjonsmulegheiter som kjem fram ved samanstilling av volumet.
- **C Redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar**
 - Minimumsgebyret pr. husstand, jamfør punkt A og punkt B, uansett kombinasjon vert fastsett til " redusert bustadsgebyr" kr 1.156,-
 - Det er ikkje høve til kombinasjonsvurdering mellom gebyra for fritidshus og vanleg bustad
 - 1 husstand er sjølvstendige husvære med kjøken og toalett = 1 gebyrpliktig eining.
 - 1 hybelleigheit er 1 sjølvstendig husvære = 1 gebyrpliktig eining. Inntil 3 hyblar med felles kjøkken og toalett, er 1 gebyrpliktig eining.
 - 4 hyblar gjev dermed 2 gebyrpliktige einingar.
- **D Sterkt redusert bustadsgebyr, definisjonar / presiseringar.** Renovasjonsforskrifta § 4.3 klargjer at enkelte eigedommar etter søknad kan få godkjent "sterkt redusert bustadsgebyr" som følgje av vanskeleg normaltilkomst til den vanlege renovasjonsruta. Det er ikkje høve til å kombinere "sterkt redusert bustadsgebyr" med andre rabattordningar. Sterkt redusert bustadsgebyr vert fastsett til kr 545,-.
- **E Fritidseigedom utan særskilt behaldar** Renovasjonsgebyret for fritidseigedom (hytte), jamfør Renovasjonsforskrifta § 4, vert fastsett til kr 545,- pr. bu-eining i hytte i dei tilfelle der abonnenten leverer til oppsamlingsplass. For papiravhending, vert det vist til gjenbruksstasjonane.
- **F Fritidseigedom / utleiehytter med utlevert behaldar**
 - Renovasjonsgebyret gjeld for eit heilt kalenderår, det vert ikkje opna for avkorting av årsgebyret ved tilgang / avgang innanfor året.
 - Renovasjonsgebyret for fritidseigedom (hytte) med utlevert behaldar, jamfør Renovasjonsforskrifta § 4, vert fastsett til kr 818,- der abonnenten får utlevert eigen restavfallsbeholdar.
 - Utleiehytter som er med i den kommunale / interkommunale renovasjonsordninga – utleigaren kan velje å delta i den kommunale / interkommunale renovasjonsordninga med enten alle eller ingen einingar - , skal ha utlevert eigen behaldar: 1 stk. 140 liters restavfallsbeholdar pr. bueining eller 1 stk. 240 liters restavfallsbeholdar pr. 2 bueiningar. Ved volumbehov utover dette, skal det betalast gebyr i samsvar med tabell A.
 - Papirbeholdar kan også leverast ut, gebyr som tabell A linje III. G Mogleg pålegg etter Renovasjonsforskrifta kan abonnenten påleggast auka behaldarstorleik eller andre tiltak dersom behaldarane er overfylt / lokket ikkje kan latast att, eller dersom avfallshandteringa på annan måte ikkje skulle vere forsvarleg.

Forureiningslova §§ 26 og 34: Gebyrforskrift tømning slamavskillerar

Ekstratøming vert fakturert enkeltvis direkte til abonnenten frå SUM. Gebyr fom 01.01.16:

Forklaring	Gebyr	Ekstra tømning utanom oppsett tømmeplan
ÅRLEG GEBYR FOR TØMING ETTER OPPSETT TØMEPLAN OG VARSLING		
I TILLEGG TIL PRISANE KJEM MVA.		
1. Årleg gebyr/stk Slamavskiljarar 0 – 4,5 m3, bustadar. Tøming kvart 2. år	Kr 708,-	Kr 5185 /gang
2. Årleg gebyr / pr. Stk Slamavskiljarar 0 – 4,5 m3 , bustadar utan tilknytta toalett og fritidshus med og utan toalett. Tøming kvart 4. år	Kr 389,-	Kr 5185 /gang
3. Pris pr. m3 registrert totalvolum tank Slamavskiljarar 4,5 m3 30 m3 . Tøming kvart 2.år	Kr 249 pr. m3 registrert tankvolum	Kr 720/m3
4. Pris pr. m3 registrert totalvolum tank Slamavskiljarar 4,5 m3 30 m3. Tøming 1 gang pr. år	Kr 489 pr. m3 registrert tankvolum	Kr 720 /m3
5. Pris pr. stk. Tette oppsamlings- tankar 0 – 4,5 m3 . Tøming 1 gang pr. år	Kr 1847,-	Kr 5185/ gang
6. Pris pr. m3 registrert totalvolum tank Tette oppsamlings- tankar 4,5 m3 30 m3. Tøming 1 gang pr. år.	Kr 489 pr. m3 registrert tankvolum	Kr 720 /m3
7 etter tømmeplan : slamavskillerar som vert avvatna og med volum 30 m3:	kr 393 /m3 registrert tankvolum pr. tømning	kr 720 /m3 registrert tankvolum pr. tømning.
8 ved godkjent redusert tømefrekvens etter renovasjonsforskrifta §14 3. Ledd, vurderer og fastset sum gebyret med bakgrunn i tankstorleik og ny tømefrekvens, jmfør kolonnene 1-6		
9 gebyret for tømning av renserest frå minirensanlegg og andre/større rensanlegg vert fastsett av sum på grunnlag av sjølvkostberekning.		

Dersom tømninga ikkje kan skje på grunn av manglande klargjering frå abonnenten si side, jmfør § 13 i "Kommunal forskrift for innsamling m.v. av hushaldningsavfall, tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. og for gebyr for renovasjon og slamtøming", vert tømninga rekna som utført og ny tilkjøring vert rekna som ekstratøming

Andre gebyr

AVGIFTSPOST	2016	MERKNADAR
Kaileige	kr 8 pr tonn	Lasting/lossing av jord/pukk/singel/grus osv.
Planlegging og prosjektering - pris per time	kr 700	
Sakshandsamingsgebyr for delingssaker etter jordlova	kr 2000	For sakshandsaming med heimel i jordlova
Konsesjonsgebyr	kr 5.000 (fastsett av staten)	Satsar fastsette av staten.
Anløpsgebyr i medhald av med hamne- og farvasslova	kr 0,39/BT	Minsteavgift kr 150
Sakshandsamingsgebyr etter hamne – og farvasslova	kr 1 000	

Gebyr for feiing og branntilsyn

	2015	2016
Feie- og brannsynsgebyr	350	450

Feiing vert som hovudregel utført annakvart år, brannsyn fjerde kvart år. Feieavgifta vert fakturert årleg. Prisar ekskl. mva

Satsar for sal av kommunale tomter

SPESIFIKASJON	2015	2016
Ferdig opparbeidd tomt (veg, vatn og kloakk) i kommunalt bustadfelt	30 000	60 000
Tillegg for grunn	kr.15 pr.m ²	kr.15 /m ²

i tillegg kjem tilknytning vatn/kloakk/straum, tinglysing av målebrev og skøyte, oppmåling, byggesaksgebyr mm.

Satsar for sal og transport av vatn

SPESIFIKASJON	2015	2016
Transport og levering innafor kommunegrensene (uavhengig av køyrt lengde og levert vassmengde) eks. mva.	1500	2000
Levering utanfor kommunegrensene:	Fakt.kostnad	Fakt.kostnad

Prisar ekskl. mva

Brøyting av private vegar

SPESIFIKASJON	2015	2016
Brøyting av privat veg pr. veg pr. år. – lengde 40-250m	2 400	2 640
Brøyting av privat veg pr. veg pr. år. – lengde 251-600m	3 200	3 520
Brøyting av privat veg pr. veg pr. år. – lengde 600 og oppover	4 200	4 620

Prisar ekskl. mva

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming av bygge- frådelling- plan-og utsleppssaker etter plan-og bygningslova og forureinsingslova i hyllestad kommune

Vedteke av Hyllestad kommunestyre 09.12.10 i sak 048/10 med heimel i Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 33-1 og Lov om vern mot forurensning og om avfall, samt Forskrift om begrensning av forurensning § 11-4

§ 1 Gebyret omfattar

Gebyret omfattar sakshandsaming, godkjenning av ansvarsrett, første gongs førehandskonferanse, dokumentkontroll, nødvendige attestar og tilsyn, samt administrasjonskostnader knytt til søknad om tiltak etter Plan- og bygningslova og Forureiningsforskrifta.

§ 2. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr. Gebyret vert sendt tiltakshavar.

§ 3. Tidspunkt for avrekning av gebyr.

Gebyret vert utrekna i høve til det regulativ som gjeld når fullstendig søknad er motteke av kommunen.

§ 4. Tidspunkt for fakturering

Gebyr for tiltak etter regulativet skal fakturerast når det er fatta vedtak. Ved to-trinns byggesøknad skal 75 % av basisgebyr fakturerast når det er fatta vedtak om søknad om rammeløyve. Dei resterande 25 % vert fakturert etter at igangsettingsløyve vert gjeve. I tillegg kjem 10 % av basisgebyr per igangsettingsløyve utover det første. Gebyr for dispensasjonar skal fakturerast når vedtak er fatta.

§ 5. Elektronisk innsendt søknad

Alle byggesøknader som vert levert inn komplett via det elektroniske byggsøk-systemet, får ein reduksjon i basisgebyret på 10 %. For å bli rekna som komplett innlevert sak, skal alle nødvendige vedlegg i saka følgje søknaden i byggsøk-systemet og vere i pdf-format.

§ 6. Kombinerte bygningar

Har bygningen fleire funksjonar, vert gebyret rekna etter høgaste gebyrklasse.

§ 7. Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygningar og konstruksjonar og anlegg skal det betalast fullt gebyr etter den kategori bygget/ konstruksjonen fell inn under.

§ 8. Tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar

Ved tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar reknast gebyret etter høgaste tiltaksklasse.

§ 9. Bruksendring

Ved bruksendringar der det ikkje vert gjort ombygging skal det betalast 25 % av basisgebyret. Ved bruksendring der det vert gjort ombygging, skal det betalast etter satsane for ombygging for den kategori bygget skal nyttast til.

§ 10. Anna arbeid

For anna arbeid der det ikkje er faste gebyr og for arbeid som skal godkjennast etter medgått tid, skal det brukast ein timesats på kr 600.

§ 11. Utvida kontroll

Kommunen kan engasjere særskilt organ til kontroll av: prosjektering, utføring eller kontroll av statiske berekningar, ventilasjonsanlegg, brannokumentasjon m.m. Slik kontroll må tiltakshavar betale direkte til utførande etter medgåtte utgifter. Desse utgiftene kjem i tillegg til satsane i dette regulativet.

§ 12. Avslag

Når vedtak på søknad medfører avslag skal det betalast 50 % av basisgebyr. Ved avslag på søknad om planoppstart skal det betalast 50 % av basisgebyr, ved seinare vedtak om stopp i planarbeid skal det betalast fullt basisgebyr. Ved avslag på søknad om ansvarsrett og søknad om dispensasjon skal det betalast fullt gebyr.

§ 13. Tilsyn

Gebyr for tilsyn i medhald av Plan- og bygningslova er innrekna med 15% i betalingsattsane.

§ 14. Tiltak som er ulovleg sett i gang

Dersom tiltak vert sett i gang utan at løyve er gitt eller før søknad er sendt inn, skal det betalast dobbelt gebyr.

§ 15. Ekstraarbeid ved pålegg om retting

Ved pålegg om retting etter Plan-og bygningslova § 32, vert sakshandsaming fakturert etter medgått tid. Gebyret vert fakturert adressat for pålegget.

§ 16. Urimeleg gebyr

Om storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passande gebyr. Gebyrregulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

§ 17. Klage

Storleik av gebyra (gebyrregulativet) vert fastsett av kommunestyret som forskrift og kan ikkje påklagast, jf. Kap VII i Forvaltningslova. Kommunen si avgjer i søknad om reduksjon av gebyr er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i Forvaltningslova kap V.

§ 18. Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for tenester etter gebyrregulativet eller for gebyr for medgått tid.

§ 19. Regulering av gebyrsatsane

Endring av gebyrsatsane i medhald av denne forskrift vert fastsett av kommunestyret i samband med årleg budsjettvedtak. Justering skal skje med verknad frå 1. januar kvart år.

§ 20. Gebyrsatsar

Gebyrsatsane for sakshandsaming av bygge-plan-frådelling- og utsleppssaker framgår av vedlagde tabell.

§ 21 Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft med verknad frå 01.01.11.

Gebyrregulativ for sakshandsaming av bygge-, frådelling-, plan- og utsleppssaker 2014

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
01. BUSTADER (bygningkodar i Matrikkel i parantes)	kl.1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Einebustad/våningshus (111, 113)	7 000		
b) Einebustad med hybel/sokkelhusvære (112)	7 000	11 500	
c) Tomannsbustad, vertikaldelt og horisontaldelt (121-124)	10 000	14 500	
d) Rekkehus, einebustad i kjede, terrassehus, andre (131-136) pr eining	7 000	11 500	
e) Bygning på to etg. med fire eller fl. bueiningar, preining (141)	7 000	11 500	
f) Andre bustadbygg	7 000	11 500	
g) Tilbygg, påbygg og ombygging < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal. Gjeld pkt. a -f.	3 000	5 000	
h) Tilbygg, påbygg og ombygging > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal Gjeld pkt. a - f.	4 500	6 500	
i) Store boligbygg (142-146)		36 000	65 000
j) Tilbygg og påbygg < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt.i.	3 000	5 000	
k) Tilbygg og påbygg > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt.i	4 500	6 500	
l) Ombygging < 50 % av totalt areal, pkt. i.	10 000	17 500	
m) Ombygging > 50 % av totalt areal (hovedombygging), pkt. i.	17 500	25 000	
02. ANDRE TILTAK PÅ BUSTAD-, FRITIDS-/ NÆRINGSEIGEDOM	kl. 1	kl.2	kl.3
a) Fasadeendring/skifting av vindauge (pr. fasade)	1 500	2 000	
b) Støttemurar	1 500	2 000	
c) Innhegning/gjerde/støyskjerm	1 500	2 000	3 500
d) Brygger/flytebrygger	3 000	5 000	7 500
e) Vesentlege terrenginngrep, graving, fylling, sprenging, veg og p-plass m.m.	3 000	5 000	7 500
f) Skilt/reklame.	1 500		
g) Større skiltplan	3 000		
h) Basseng, brønn og dam.	3 000	5 000	7 500
i) Bygningstekniske installasjonar	3 000	5 000	7 500

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
03. ANDRE NYBYGG	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Garasjer/uthus/naust (181-183) inntil 70 m ² bruttoareal eller samla bruksareal	3 000	5 000	
b) Garasjer/uthus/naust (181-183) over 70 m ² bruttoareal eller samla bruksareal	4 500	6 500	9 000
c) Andre mindre tiltak på bebygg eigedom utan krav til ansvarsrett	3 000		
d) Fritidsbustad/camping-/utleiehytte (161-163, 524)	7 000		
e) Seterhus, sel, rorbu skogs- og utmarskoie (171,172)	4 500		
f) Tilbygg og påbygg < 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a - e	3 000	5 000	
g) Tilbygg og påbygg > 50 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a - e	4 500	6 500	
h) Varige konstruksjonar og anlegg, kai, molo m.m.	7 500	10 000	20 500
04. PRODUKTSJONSBYGG FOR VERKSTAD OG INDUSTRI	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Fabrikbygning (211)	17 500	29 000	60 000
b) Verkstadbygning (212)	17 500	29 000	60 000
c) Andre industribygg (219)	7 500	10 000	20 500
d) Lagerhall, kjøle- og fryselager, silobygning (231-233)	7 500	10 000	20 300
e) Tilbygg, påbygg og ombygging < 100 m ² , pkt. a - d	4 500	7 500	
- > 100 m ² <500 m ²	7 500	10 000	20 500
- > 500 m ²	14 500	22 000	30 000
05. KONTOR-, FORRETNINGS- ELLER ANDRE NÆRINGSBYGG	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Kontorbygg og administrasjonsbygg (311-313)	17 500	29 000	60 000
b) Varehus og andre butikkbygg (321, 322, 329, 330)	17 500	29 000	60 000

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
05. KONTOR-, FORRETNINGS- ELLER ANDRE NÆRINGSBYGG forts	kl. 1	kl.2	kl.3
c) Ekspedisjonsbygg og terminalar (411-416)	17 500	29 000	60 000
d) Lagerbygg og garasjebygg < 100 m ²	5 800	11 600	17 500
e) Lagerbygg og garasjebygg > 100 m ²	11 600	17 500	22 000
f) Bensinstasjon (323)	14 500	22 000	36 000
g) Hangar, veg – og trafikktilsynsbygning(439-449)	7 500	14 500	30 000
h) Anna bygg for kontor, forretning eller samferdsle (319, 419)	11 600	20 300	26 000
i) Tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a - h	4 500	7 500	
> 100 m ² <500 m ²	7 500	10 000	20 000
> 500 m ²	14 500	22 000	36 000
j) ombygging < 50 % av totalt areal	7 500	10 000	15 000
k) ombygging > 50 % av totalt areal (hovedombygging)	14 500	22 000	36 000
l) For nybygg over 2 000 m ² vert gebyret fastsett pr. m ² bruksareal	15	22	30
06. HOTELL OG RESTAURANTBYGG	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Hotell, motell (511, 512)	29 000	43 500	65 000
b) Andre bygg for overnatting (521-529)	17 500	29 000	60 000
c) Restaurant, kafebygning	14 500	22 000	36 000
d) Tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a – c	4 500	9 000	
> 100 m ² <500 m ²	8 700	13 000	17 500
> 500 m ²	14 500	22 000	36 000
e) Ombygging < 50 % av bygningen	7 500	10 000	15 000
f) Ombygging > 50 % av bygningen (hovedombygging)	14 500	22 000	36 000
08. BYGG FOR OFFENTLEGE OG PRIVATE TENESTER	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Bygg for undervisning/forskning (613-616)		29 000	60 000
b) Aldersheim og sjukeheim (721)		36 000	65 000
c) Barnehagar (611, 612)	14 500	29 000	60 000
d) Bu- og behandlingssenter (722, 723)	14 500	29 000	60 000
e) Kyrkjer (671)		29 000	60 000

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
f) Samfunnshus/forsamlingshus/bedehus (662)	14 500	22 000	36 000
g) Teater/kinobygg		29 000	60 000
h) Idrettsbygg (651-653)		29 000	60 000
i) Garderobebygg, helsestudio(654, 655)	14 500	22 000	36 000
j) Andre bygg (629, 649, 659, 669, 679)	7 500	10 000	15 000
k) Tilbygg og påbygg < 100 m ² , pkt. a – j	4 500	9 000	
> 100 m ² <500 m ²	8 700	13 000	17 500
> 500 m ²	14 500	22 000	36 000
l) ombygging < 50 % av totalt areal	7 500	10 000	15 000
m) ombygging > 50 % av totalt areal	14 500	22 000	36 000
09. BYGG FOR JORDBRUK FISKE OG FANGST	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:			
a) Driftsbygning hus for dyr/landbrukslager/silo (241)	7 500	10 000	15 000
b) Andre (landbruksgarasje og liknande) (243-249)	4 500	6 500	9 000
c) Tilbygg og påbygg < 100 m ² bruttoareal eller samla bruksareal, pkt. a- b	3 000	5 000	750
> 100 m ² < 1000 m ²	4 500	6 500	9 000
> 1000 m ²	14 500	17 500	20 500
d) ombygging < 50 % av totalt areal	4 500	6 500	9 000
e) ombygging > 50 % av totalt areal	7 500	10 000	15 000
10. REVIDERTE TEIKNINGAR OG TILLEGGSSØKNADER (mindre endringar)	kl. 1	kl.2	kl.3
Basisgebyr:	725		
Det skal bereknast gebyr tilsvarande 20 % basisgebyr for den enkelte bygningstypen og tiltaksklassen, men ikkje mindre enn 500,-			
11. FORNYING AV BYGGELØYVE			
Fornyning av løyve skal reknast som ny sak			
12. RIVING	kl. 1	kl.2	kl.3
Gebyr pr. bygning	3 000	5 000	7 500
13. UTMOMHUSPLANAR/OPPARBEIDING (pr. plan)			
< 5000 m ²	1 500		
> 5000 m ²	2 000		

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
14. FØREHANDSKONFERANSE	kl.1	kl.2	kl.3
1. gangs førehandskonferanse er med i basisgebyret			
2. gangs og seinare førehandskonferanse	1 500	3 000	4 500
15. GODKJENNING AV FØRETAK FOR ANSVARSRETT:			
Godkjenning av føretak med sentralgodkjenning er med i basisgebyret			
Lokal godkjenning av føretak utan sentral godkjenning.	1 500		
Sjølvsbygger - kun eigen bustad/ garasje/ uthus m.m på eigen eigedom.	3 000		
16. OVERTREDELSESGBYR			
Gebyr vert fastsett i samsvar med kap 16 i Forskrift om byggesak (SAK10)			
17. FRÅDELING			
Søknad i samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan, pr. parsell	1 500		
Søknad i uregulert område, samt søknad om andre grenser enn fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan, pr. parsell	2 000		
18. PLANSAKER			
Sjå eiga forskrift på side 20.			
19. DISPENSASJON			
Dispensasjon frå kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan jf pbl § 19-2 og / eller frå 100-m belte lands sjø og vassdrag jf. pbl § 1-8.	7 500		
Andre dispensasjonar t.d utnytting, plassering, etasjental, høgde m.v. Disp. etter pbl § 19 for tiltak etter § 20-1 på	3 750		
Søknad i samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan, pr. parsell	1 500		
eigedom som er frådelt etter dispensasjon frå pbl eller plan			

Tiltak som handsamast etter søknad	Tiltaksklasse - sats 2014		
Gebyret gjeld handsaming av ein søknad, kan gjelde fleire tiltak og dispensasjon frå fleire forhold.			
20. Utsleppssaker			
Søknad om utsleppsløyve, anlegg < 50 pe (kap 12 i Forurensingsforskrifta)	2 500		
Søknad om utsleppsløyve, anlegg > 50 pe (kap 13 i Forurensingsforskrifta)	5 000		
eigedom som er frådelt etter dispensasjon frå pbl eller plan			
Gebyret gjeld handsaming av ein søknad, kan gjelde fleire tiltak og dispensasjon frå fleire forhold.			
Søknad om utsleppsløyve, anlegg < 50 pe (kap 12 i Forurensingsforskrifta)	2 500		
Søknad om utsleppsløyve, anlegg > 50 pe (kap 13 i Forurensingsforskrifta)	5 000		
eigedom som er frådelt etter dispensasjon frå pbl eller plan			
Gebyret gjeld handsaming av ein søknad, kan gjelde fleire tiltak og dispensasjon frå fleire forhold.			

FORKORTINGAR/DEFINISJONAR

PBL er forkorting for plan- og bygningslova.

Tiltaksklasse 1 omfattar

enkle tiltak av liten vanskeleggrad der manglar eller feil ved tiltaket berre fører til mindre konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.

Tiltaksklasse 2 omfattar

- tiltak av liten vanskeleggrad, men der manglar eller feil kan føre til frå middels til store konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.
- tiltak av middels vanskeleggrad, men der manglar og feil kan føre til frå små til middels konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.

Tiltaksklasse 3 omfattar

- tiltak av middels vanskeleggrad, men der manglar eller feil kan føre til store konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.
- tiltak av stor vanskeleggrad.

Gebyr etter matrikkellova

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lova § 32, forskriftene § 16) fastsettast som følger (punktta referer til "Gebyrmaal for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova"):

6.1 OPPRETNING AV MATRIKKELEINING

6.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

areal frå 0 — 2000 m ²	kr 14 698
areal frå 2001 m ² — auke pr. påbegynt da.	kr 1 225
Oppretting av punkt feste	kr 4 900
Der markarbeid ikkje er påkravd, utløyer det halvt gebyr.	

6.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Pr. sak uavhengig av areal.	kr 3 674
-----------------------------	----------

6.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon	
areal frå 0 — 2000 m ²	kr 14 698
areal frå 2001 m ² — auke pr. påbegynt da.	kr 1 000

6.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.	
volum frå 0 — 2000 m ³	kr 5 512
volum frå 2001 m ³ — auke pr. påbegynt 1000m ³ .	kr 612

6.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige fakturerast etter medgått tid.

6.2 OPPRETNING AV MATRIKKELEINING UTEN FULLFØRT OPPMÅLINGSFORRETNING

Viser til 6.1.1, 6.1.2, 6.1.4 og 6.1.5. I tillegg kan det komme tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning

6.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, settast til 1/3 av gebyrsatsane etter 6.1 og 6.2

6.3 GRENSEJUSTERING

6.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgje areal som i sum overstiger 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.

6.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens sitt volum, men den maksimale grensa settast til 1000 m ³	
volum frå 0 — 250 m ³	kr 2 756
volum frå 251 — 1000 m ³	kr 5 512

6.4A REALOVERFØRING

6.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjelder ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

6.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, - ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til en matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

6.5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA TIDLIGARE ER KOORDINATBESTEMT VED OPPMÅLINGSFORRETNING

For inntil 2 punkter	kr 3 674
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 367

6.6 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA IKKJE TIDLIGARE ER KOORDINATBESTEMT / ELLER KLARLEGGING AV RETTAR

For inntil 2 punkt	kr 7 349
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	kr 735

Gebyr for klarlegging av rettar fakturerast etter medgått tid.

6.7 PRIVAT GRENSEAVTALE

For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	kr 1 225
For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	kr 122
Rimelegaste alternativ for rekvirent velgast.	

6.8 URIMELEG GEBYR

Dersom gebyret openbert er urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsette et passende gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette et redusert gebyr.

6.9 BETALINGSTIDSPUNKT

Gebyret skal krevjast inn forskotsvis.

6.10 FORANDRINGAR I GRUNNLAGET FOR MATRIKKELFØRING AV SAKA

Gjer rekvirenten under sakas gang forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, oppretthaldast likevel gebyret.

6.11 UTFERDING AV MATRIKKELBREV

Matrikelbrev inntil 10 sider	kr 214
Matrikelbrev over 10 sider	kr 429

Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga

6.12 GEBYR REKNA UT ETTER MEDGÅTT TID.

Gebyr for oppmålingsarbeid som ikkje kan fastsettast ut frå reglane over, skal reknast ut etter medgått tid, timepris som svarar til 1,2 promille av brutto årsløn for den som utfører arbeidet i tillegg til kostnader med reise og eventuelt merkemateriell.

6.13 STATLEGE GEBYR OG AVGIFTER

Tinglysingsgebyr og eventuelle dokumentavgifter kjem i tillegg til alle kommunale gebyr.

6.14 REGULERING AV GEBYRSATSAR

Satsane vert kvart år regulert etter Statens kartverk sine indekstal For kart —og oppmålingsarbeid, første gang 01.01.2011

Forskrift om gebyr for handsaming av plansaker etter plan- og bygningslova

Vedteken av Hyllestad kommunestyre 12.12.2013 i sak KOM 075/13 med heimel i lov av 27.06.2008 nr 71 om planlegging av byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) §33-1.

1. FØREMÅL

Forskrifta gjeld betaling for tenester som kommunen skal syte for vert utførte i medhald av plan- og bygningslova kap. 12 om reguleringsplanar og kap. 19 om dispensasjon.

Gebyra skal dekke kommunen sine kostnader med tenesta (sjølvkostprinsippet).

2. BETALINGSPLIKT

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr. Faktura vert sendt til tiltaksavar/ forslagsstillar.

3. REGULERINGSPLAN

For privat framlegg til reguleringsplan (detaljregulering), jfr. PBL §12-3 og §12-11, og endring/oppheving av reguleringsplan, jf. PBL §12-14, 1. ledd, skal det betalast gebyr som fylgjer:

- Enkel plan: 15 000 kr
- Vanleg plan: 30 000 kr
- Komplisert plan 50 000 kr

Kommunen fastset plantype/sats som skal nyttast i samsvar med definisjonane under.

Enkel plan:

Planframlegg i samsvar med overordna plan, og med få og små uavklarte tilhøve og konflikhtar i høve iht. gjeldande plan(ar), natur, landskap, kulturminne, friluftsliv eller nabolihøve. Mindre reguleringsplan, jf. Pbl §12-12, 2. ledd, går inn under dette. Endring av reguleringsplan der dei fleste avklaringar allerie er gjort i vedteken plan, og der hovudtrekka i planframlegget er som i vedteken plan, går òg under dette. Dersom endringsframlegget føreset avklaringar på lik line med handsaminga av ein ny plan, skal gebyrsatsen for vanleg plan nyttast.

Vanleg plan:

Planframlegg med ein del uavklarte tilhøve/konflikhtar, «gjennomsnittsplan»- gjennomsnittleg planfagleg/ planteknisk vanskegrad. Planframlegg som ikkje går inn under «enkel plan» eller «komplisert plan» går inn under dette.

Komplisert plan:

Planframlegg som medfører krav om planprogram/ konsekvensutgreiing. Jf pbl §4-1 og §4-2, dvs. framlegg i strid med overordna regelverk, plan eller offentlig vedtak, planframlegg med mange samansette arealkonflikhtar og behov for avklaring.

4. MINDRE REGULERINGSENDRING

For mindre reguleringsendring av reguleringsplan jf. Pbl. §12-14, 2. ledd, skal det betalast eit gebyr tilsvarande kr 9.000,-.

5. FORLENGING AV PLANVEDTAK

For forlenging av planvedtak med inntil 2 år om gongen, jf. Pbl §12-4, skal det betalast eit gebyr tilsvarande kr 5.000,-.

6. OPPSTARTSMØTE/RÅD OM REGULERING

I saker der oppstartsmøte vert halde, jf. Pbl §12-8, men det ikkje kjem inn planforslag til handsaming innan rimeleg tid, vert det fakturert kr. 5000,- for avholdt oppstartsmøtemm.. Med rimeleg tid vert rekna om lag eitt år frå kommunen har gjeve signal om at dei ikkje har merknader til at planarbeidet vert sett i gang.

7. TIDSPUNKT FOR AVREKNING AV GEBYR.

Gebyret vert fastsett i høve til dei satsane som gjeld på det tidspunktet fullstendig planforslag/søknad i samsvar med dokumentasjonskrav i lov og forskrifter er motteke av kommunen.

Ved avbroten plansak/dispensasjonssak, jf pkt. 9, vert gebyret fastsett etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet saka vert avslutta.

8. TIDSPUNKT FOR FAKTURERING

Gebyr for private framlegg til reguleringsplan eller endring av slik plan, skal fakturerast etter førstegongshandsaming i kommunen, jf. Pbl §12-11. Plansaka vert ikkje teke opp til handsaming etter offentleg ettersyn (andregongshandsaming), jf. Pbl §12-12, før gebyret er innbetalt. Gebyr for mindre endringar av reguleringsplan, for forlenging av planvedtak med inntil 2 år om gongen og for søknad om dispensasjon, skal fakturerast når vedtaket er fatta, jf. Pbl §12-14, 2. ledd, §12-4 og §19-2.

9. AVBROTEN PLANSAK/DISPENSASJONSSAK

Gebyr skal avreknast som del av fullt gebyr i høve til det tidspunktet saka vert avbroten/trekt. Kommunen fastset eit passende gebyr tilsvarande det arbeidet/kostnadane kommunen har hatt.

Jf. òg pkt. 6 om fakturering for avholdt oppstartsmøte, der kommunen ikkje mottek planframlegg i rimeleg tid.

10. AVSLAG

Når kommunen avviser eit planframlegg eller gjev avslag på søknad om dispensasjon skal det betalast fullt gebyr.

11. URIMELEG GEBYR

Om storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt med saka, eller gebyret er urimeleg av andre grunnar, kan kommunen fastsette passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve

12. HØVE TIL Å KLAGE

Gebyrfastsetting i den enkelte sak kan ikkje påklagast, då dette berre er ein oppfølging av regulativet. Kommunen si avgjerd om fastsetting av passende gebyr jf. Pkt. 11 om urimeleg gebyr, kan påklagast etter reglane i forvaltningslova (enkeltvedtak).

13. MEIRVERDIAVGIFT

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift i tillegg til gebyr for tenester etter gebyrregulativet.

14. REGULERING AV GEBYRSATSANE.

Endring av gebyrsatsane i medhald av denne forskrifta vert fastsett av kommunestyret i samband med årleg budsjettvedtak. Justering skal skje med verknad frå 1. januar kvart år. Satsane skal avrundast til næraste kr 10,-.

15. IKRAFTSETTING

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 20xx

*desember 2015
Bente Nesse, rådmann*